

Vart heidra med minikonsert på 75 årsdagen.

21.02.2020



Knut Steinsletten overrekte blomar til jubilanten.

Veteranane i Uskedalen musikklag er ein aktiv gjeng. Dei har mange spelingar i året, og kvar veke møtest dei til ei frivillig øving i tillegg til den faste øvingsdagen. Frammøtet til den frivillige øvinga fortel det meste om den gode stemninga i bandet. Mest alltid er det 100%! Torsdag hadde dei ei svært hyggeleg speling då solokornettist Per Myklebust feira 75 årsdagen sin heime i det ærverdige 200 år gamle Bakkehuset i Dimmelsvik.



Det vart ein fin konsert for å heidra Per.

Nettopp det gode kammeratskapet og den gode stemninga i bandet vart halde fram av både jubilanten og gratulantane då bursdagsfesten var innleia med musikk. Etter eit vers av **Hurra for deg**, bar Thor Inge Døssland fram helsingord til jubilanten. Knut Steinsletten overrekte blomegruppe.

Per Myklebust kom inn i musikklaget gjennom den dåverande **Guttemusikken** på slutten av 1950-talet. Han avslørte nok tidleg stor musikalitet, og det medførte at han vart med i det den gong så populære danseorkesteret **Jubelgutta**. Skulegang og jobb vekke frå kommunen gjorde sitt til at han vart tapt for musikklaget. Nokre vil vel og seie at fotballen tok han. Vi hugsar han som ein elegant midtbanespelar både her heime og i Brodd i Stavanger. At han var blant dei betre på laget, fortel det faktum at fotballtilhengarane i Uskedalen gav han tilnamnet Torres etter stjerna på Brasil sitt storlag på den tida.

Etter at han flytta tilbake til kommunen, har han vore ein betydningsfull person innan eit breitt kulturfelt. I teater- og scenearbeid var han lyd- og lysmannen, han var dagleg leiar i samfunnshuset i Rosendal, fotballtrenar, leiar i Kvinnherad idrettsråd, ei drivkraft for å få bygt motorsportsenter i kommunen og mykje meir. Ikkje minst vert han hugsa av svært mange som den koselege sjåføren på biblioteket sin bokbuss. Den jobben kosa han seg nok i, og han hadde den nokre år etter fylte 70. Ein del av sanninga var og at dei trong den mekanikarkyndige sjåføren, for å halda den gamle bussen i ruta.

Etter helsinga var det klart for ein liten konsert av bandet. Jubilanten sjølv hadde fått oppgåva å plukka ut konsertprogrammet frå gruppa sitt svært store repertoar. Det starta med den russisk/svenske visa **Jag har hørt om en stad** før det gjekk over i ein tysk vals, **Der schönsten Stadt**. Deretter kom Boney M-slagaren **River of Babylon** etterfulgt av velkjende **Hva var vel livet uten deg** frå serien Fredriksons fabrikk. Konsertavdelinga vart avslutta med den tradisjonelle amerikanske gospelsangen **Just a closer walk with thee**.

Etter musikken fortsette festen med kaffi og masse gode kaker, og den gode stemninga heldt fram med god drøs rundt borda i dei ærverdige stovene. Ei svært kjekk feiring av ein strålende jublant!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Åse Neset